

## Referat frå styremøte nr. 7-2018

**Dato:** 21. september 2018

**Tid:** kl. 11.30-15.00 (det var felles lunsj frå kl. 11.30-12.00)

**Stad:** Kunnskapsparken-bygget ved NTNU i Ålesund, møterom Ørnetua i 3. etasje

### Til stades frå styret:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordfører i Stranda kommune)

Nestleiar Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Eva Hove (ordfører i Stordal kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (ordfører i Skodje kommune)

Styremedlem Andreas Chr. Nørve (rådmann i Vanylven kommune)

### Forfall:

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (rådmann i Ørskog kommune)

### Til styret frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Sperre Austnes

### Andre:

Rekneskapskonsulent Hege Bjotveit, Økonomiavdelinga i Ålesund kommune

Rekneskapskonsulent Reidun Vegsund, Økonomiavdelinga i Ålesund kommune

**Referent:** Vegard Sperre Austnes

**Sak 33/2018: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.**

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Styreleiar ønskte velkomen til møtet. Møteinnkallinga vart godkjend.

Som sak til eventuelt var orientering frå styreleiar om prosjektet Møre og Romsdal 2025.

**Sak 34/2018: Godkjenning av referat frå forrige styremøte 27. august 2018 (nr. 6 - 2018).**

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå forrige møte vart godkjend.

**Sak 35/2018: Rekneskapsrapportering per 2. tertial 2018. Rapporteringsrutiner frametter.**

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal. I tillegg deltok rekneskapskonsulentane Hege Bjotveit og Reidun Vegsund Telstad frå Økonomiavdelinga i Ålesund kommune

Styret har ønskt nye rutiner for økonomirapportering i selskapet. Dette for å kunne ha betre kontroll med ressurstilfang og ressursbruk. Målsettinga er å få maksimal nytteverdi av tilgjengelege midlar.

Økonomiavdelinga i Ålesund kommune deltok på møtet og presenterte rekneskapsrapport per 2. tertial 2018 (på prosjektnivå) med kommentarar.

Frå styret vart det mellom anna teke opp spørsmål knytt til

- timeregistrering på prosjekt. Styret ønskte timeregistrering på prosjekt – enten manuelt eller via økonomiprogrammet. Det ideelle er å ha timar og kostnader på ein plass.
- periodisering av fakturaer. Det finst periodiseringsnøklar som kan nyttast.

Styret etterlyser ei controller-rolle i selskapet (verksemdstyring ved hjelp av økonomiske mål).

**Vedtak:** Styret ber om oppdaterte økonomirapportar til kvart styremøte, stipulert til 6 gongar per år. Rapportane skal vere periodiserte og det skal følgje med relevante kommentarar i høve til det som ein veit når ein rapporterer.

**Sak 36/2018: Ressursstyring i Sunnmøre Regionråd – kva midlar har ein og korleis vert ressursane nytta?** Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styret bad i sak 27/2018 om ei sak om ressursstyring i selskapet – kva midlar har ein og korleis vert ressursane nytta. Oversikt over tidsbruk i prosjekta var sendt ut frå administrasjonen til styremøtet.

Frå styret vart det sagt at det er behov for informasjon om prosjekta og økonomien der (sjå også sak 35/2018). Styret ønskte ein årleg gjennomgang av prosjekta. Utviklingsarbeidet og nye prosjektsøknadar må følgje strategien. Det vart sagt frå styret at det er fornuftig for kommunane å samordne seg på ulike områder.

**Vedtak:** Styret tek saka til vitande.

**Sak 37/2018: Strategi for Sunnmøre Regionråd IKS.** Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad, dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og rådgivar Vegard Sperre Austnes

Styret bad i sak 27/2018 administrasjonen leggje fram ei ny sak om strategi for styret. Administrasjonen hadde til møtet skrive eit notat som vart sendt til styret.

Austnes presenterte administrasjonen sitt forslag i styremøtet. Han tok utgangspunkt i at Sunnmøre Regionråd jf. selskapsavtalen § 3 skal vere ein aktiv regional pådrivar med vekt på regional samfunnsutvikling og næringsutvikling og interkommunalt samarbeid. Presentasjonen som Austnes heldt følgjer vedlagt.

Styret vil at Sunnmøre Regionråd skal ta ei rolle som samfunnsutviklar. Målsetting nr. 1 i strategien for perioden 2016-2019 - Fremjing av av sunnmørske politiske interesser – vart vurdert som dagsaktuell i høve til å stå saman som region. Styret meinte ein her burde plukke ut ein 3-4 satsingsområde.

Konklusjonen var at ein på ordførarsamlinga 4.-5. oktober på Finnøy Havstuer legg opp til gruppearbeid om kva som skal vere satsingsområda til Sunnmøre Regionråd framover.

**Sak 38/2018: Orienteringssak om vidare framdrift i arbeidet med reforhandling av samhandlingsavtale mellom Helse Møre og Romsdal og kommunane.** Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og rådgivar Vegard Sperre Austnes

13. september var det møte mellom KS Møre og Romsdal, Helse Møre og Romsdal (HMR) og regionråda i fylket.

Bakgrunnen for møtet var ein førespurnad frå HMR til regionråda og KS Møre og Romsdal om oppfølging av vedtak (sak 2018/15) i Overordna samhandlingsutval (OSU). I vedtaket dei ber OSU kommunane i fylket om å stå for sekretariatsfunksjonen for det oppnemnde forhandlingsutvalet ved komande revisjon av samhandlingsavtalen.

Konklusjonen i møtet 13. september var at det er behov for en nærare avklaring med det oppnevnte forhandlingsutvalet om kva dei ønskjer i høve til sekretærfunksjonen.

**Vedtak:** Styret tek orienteringa til vitande.

**Sak 39/2018: Informasjon om ordførarsamlinga 4. oktober og representantskapsmøtet 5. oktober 2018.** Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte om ordførarsamlinga 4. oktober og representantskapsmøtet 5. oktober 2018.

**Sak 40/2018: Eventuelt**

**Som sak til eventuelt var orientering frå styreleiar om prosjektet Møre og Romsdal 2025.**

Styreleiar Jan Ove Tryggestad er med i ei referansegruppe for offentlig sektor i prosjektet. Prosjektet drøftar utviklinga i fylket mot 2025. Det vert nytt møte i november 2018.